

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Berit Roksvåg

**Saksbehandler:**

Aud Trohaug  
E-post: aud.trohaug@siu.no  
Telefon: 55 30 38 37

Saksnr: 2015/127-5-10002/2015

Dykkar ref: 2014/24696-5

Dato: 06.11.2015

## Svar på søknad om godkjenning for utdanningsstøtte

Vi viser til søknad frå Hordaland fylkeskommune av 9. mars 2015 om godkjenning av samarbeidsprogram mellom Bergen Katedralskole og Scandinavian School of Brussels. Fylkeskommunen har på førespurnad sendt tilleggsopplysningar om samarbeidsprogrammet 19. mai og 26. august 2015.

Det er ikkje komne inn andre søknadar om nye samarbeidsprogram innan fristen 1. oktober.

### Om ordninga

Ordninga med utdanningsstøtte til elevar som deltek i samarbeidsprogram mellom norsk og utanlandsk vidaregåande skule er rammestyrt. SIU må godkjenne nye samarbeidsprogram, og Stortinget må løyve midlar i statsbudsjettet før elevar kan søkje om utdanningsstøtte til programmet.

I nokre tilfelle kan eit nytt samarbeidsprogram erstatte ein godkjenning som ikkje vert nytta. Hordaland fylkeskommune har i brev til SIU 8. oktober 2015 gitt melding om at samarbeidsprogrammet mellom Lønborg vidaregåande skole og Tanga International Competence Center Ltd i Tanzania er avslutta. Utdanningsstøtta til dette samarbeidsprogrammet blir frå og med undervisningsåret 2015/2016 ikkje nytta. Det nye samarbeidsprogrammet mellom Bergen Katedralskole og Scandinavian School of Brussels bør derfor kunne inngå i lista over godkjente samarbeidsprogram, utan budsjettbehandling i Stortinget.

### Innstilling til vedtak

SIU har vurdert søknaden frå Hordaland fylkeskommune, og vil sende innstilling til Kunnskapsdepartementet om å godkjenne samarbeidsprogrammet mellom Bergen Katedralskole og Scandinavian School of Brussels frå og med undervisningsåret 2016-17.

Ved vedtak om godkjenning vil elevar som deltar i programmet frå undervisningsåret 2016-17 kunne søke om utdanningsstøtte frå Lånekassen. Ei godkjenning er gyldig i fem år.

Med helsing

Siv Andersen  
avdelingsdirektør

Aud Trohaug  
førstekonsulent